

Lab-info: Ny test for blod i feces – immunologisk 14.11.23

Fekal Okkult Blødningstest (iFOB)

Frå 1 desember 2023 tilbyr laboratoriet kvantitativ immunologisk test for blod i avføring (iFOB)

Ved mistanke om kolorektalkreft er det vist at immunologisk test for å påvise blod i avføring har høg sensitivitet og spesifisitet. Analysen er vesentleg betre enn HemoFec som tradisjonelt har vore brukt. Det er derfor anbefalt å bruke immunologisk test (iFOB) i staden for Hemofec.

Ytterlegare fordelar er at ein får eit kvantitativt talsvar ($\mu\text{g Hb/g feces}$), og analysen krev ingen kosthaldsrestriksjonar forut for prøvetaking. Analysemetoden (OC Sensor Pledia) er den same som vert brukt i [det nasjonale tarmscreeningprogrammet](#).

Indikasjonar:

- Mistanke om blødning frå nedre del av mage-tarmkanalen.
- Utgreiing av jernmangelanemi av ukjend årsak.
- iFOB er anbefalt ved tilvising til pakkeforløp ved begrunna mistanke om tjukk- eller endetarmskreft


Tolking av prøvesvar:

iFOB blir rapportert kvantitativt som eit talsvar med eining $\mu\text{g Hb/g feces}$.

Resultat $< 10 \mu\text{g Hb/g feces}$ indikerer lågt sannsyn for kolorektal kreft, men ved klinisk mistanke bør ein vurdere å ta ny prøve, ev. vise til koloskopi/kreftpakkeforløp. Prøven er lite sensitiv for blødning i øvre del av mage-tarmkanalen då testen er spesifikk mot *globin*delen av hemoglobin som gradvis vert degradert under passasje gjennom tarmen.

Prøvetaking

Pasienten tek sjølv prøven heime i eige prøverøyrt, og éin prøve er nok. Testen krev inga spesiell førebuing, men korrekt prøvetaking og merking av røyret er viktig. [Sjå pasientinstruksjon her](#).



Figur 1. Prøverøyret som pasienten nyttar (OC Sampling bottle 3)

Prøverøyrt kan bestillast i [analyseoversikten.no](#)

Meir informasjon om analysen og nedlastbar pasientinstruksjon finnes på [analyseoversikten.no](#)

Merk at f.o.m. 1. mai 2024 vil laboratoriet ikkje lenger ta imot prøver for analysing av HemoFec frå primærhelsetenesta. (For inneliggande pasientar kan Hemofec framleis sendes til laboratoriet for analyse i tilfelle ein ønskjer eit umiddelbart ikkje-kvantitativt svar.)

Ansvarleg avdeling: Avdeling for medisinsk biokjemi og farmakologi, Seksjon for allergi- og proteinanalyser

Kontaktpersonar: Linda Kvamme Ragnvaldsen, Seksjonsleiar bioingeniør: (teknisk/praktisk)

Gaute Lund Hansen Lege i spesialisering / Erik Wilhelm Vinnes overlege (medisinsk faglig)

Telefon nummer: 55973140

E-post: linda.kvamme.ragnvaldsen@helse-bergen.no, gaute.lund.hansen@helse-bergen.no